

Årsplan

Fag: Spansk

Trinn: 8.

Skuleår: 2025-2026

Læremiddel: Gente 8

Grunnleggande ferdigheiter i faget(Henta frå UDIR)

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i framandspråk er å skape meining gjennom å lytte, snakke og samtale i ulike kommunikasjonssituasjonar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke ferdigheitene i kvardagslege samanhengar til å bruke dei i stadig meir komplekse situasjonar. Dette inneber å ta i bruk eit gradvis breiare ordforråd og fleire språklege strukturar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i framandspråk er å skape ulike typar tekstar som kommuniserer eit innhald. Utviklinga av skriveferdigheiter i framandspråk går frå å skrive enkle tekstar om kvardagslege emne til å produsere stadig meir komplekse tekstar om faglege emne. Dette inneber også å tileigne seg eit gradvis breiare ordforråd, å ta i bruk fleire språklege strukturar, og å bruke hjelpemiddel på ein føremålstenleg måte. Å bruke tastatur med språkets teikn og å skrive framandspråket digitalt er ein viktig del av det å kunne skrive og formidle kompetanse i faget

Å kunne lese

Å kunne lese i framandspråk er å forstå innhaldet i ulike typar tekstar, både på papir og digitalt. Utviklinga av leseferdigheiter i framandspråk går frå å forstå hovudinnhaldet i enklare tekstar til å forstå stadig meir innhald i komplekse tekstar i ulike sjangrar. Dette

inneber å forstå stadig fleire ord, uttrykk og språklege strukturar, og å bruke strategiar, hjelpemiddel og kjelder på ein føremålstenleg måte, slik at det å lese bidreg til språklæring og interkulturell kompetanse.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i framandspråk er å bruke digitale ressursar og medium til å utvide læringsarenaen og tilføre læringsprosessen verdifulle dimensjonar. Utviklinga av digitale ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke desse ressursane til språklæring og møte med autentisk språk, til i aukande grad å bruke dei sjølvstendig for å kommunisere munnleg og skriftleg, hente inn kunnskap, utforske kultur og geografi og lage samansette produkt. Dette inneber å utvikle ei medviten og kritisk haldning til bruk av digitale kjelder, å vise dømmekraft i bruk av digitale medium og ressursar, og å følgje reglar for digital samhandling og personvern.

Kompetansemål: LK20 Framandspråk (FSP01-03) Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

1. lytte til og forstå enkel og tydeleg tale om personlege og daglegdagse emnar
2. delta i enkle samtaler i daglegdagse situasjonar om aktivitetar og kjente emnar
3. munnleg fortelje om daglegliv og opplevingar og uttrykke meningar, også spontant
4. lese og forstå tilpassa og enklare autentiske tekstar om personlege og daglegdagse emnar
5. skrive enkle tekstar om daglegliv og opplevingar som forteljar, beskriver og informerer, med og utan hjelpemidlar
6. bruke enkle språklege strukturar, reglar for uttale og rettskriving og språkets offisielle alfabet eller teikn for å kommunisere på ein situasjonstilpassa måte
7. bruke relevante lærings- og kommunikasjonsstrategiar, digitale ressursar og erfaringar frå tidlegare språklæring i læringsprosessen
8. utforske og beskrive levemåtar, tradisjonar og geografi i områder der språket blir snakka, og sjå samanhengar med eigen bakgrunn
9. utforske og beskrive kunstnariske og kulturelle uttrykk frå områder der språket blir snakka, og gi uttrykk for egne opplevingar

Intro side 7-9

Periode: august-september(3 veker)

Her skal du lære:

Læringsmål:

- Du skal kunne helse og ta farvel
- Du skal kunne presentere deg sjølv og forstå andre som presenterer seg
- Du skal kunne telje til 15
- Du skal kunne alfabetet og forstå nokre grunnleggjande uttalereglar

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfagleg tema	Korleis skal vi lære dette	Undervegsvurdering
1, 2, 3, 5, og 6. Sjå side 2	Kommunikasjon, språklæring, møte med kultur.	Demokrati og medborgarskap (identitet, språk og kultur).	Rollespel og samtalar: Øving i par og grupper der vi helsar og presenterer oss. Telje-leikar og spel. Bruke konkretar, kort og digitale verktøy for å øve på å telje. Alfabetet, songar og uttaleøvingar: Lære alfabetet gjennom song, rim og lydøvingar. Lytte og lesing. Høyre på modelltekstar og lese enkle tekstar med fokus på presentasjon og alfabetet.	Munnleg: Lage Yo-boka. Øve på å presentere deg for ein medelev og læraren. Skriftleg: Lage Yo-boka. Ei bok om deg sjølv. Telje til 15 og kjenne att bokstavar. Observasjon i aktivitetar og samtalar. Eigenvurdering: Du vurderer din eiga deltaking og læring. Lytteprøve: Forstå og svare på enkle presentasjonar.

			Korte munnlege presentasjonar om seg sjølv. Rettleiande lesing.	Læringsressurs: Gente 8. A-univers. ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis
--	--	--	--	--

Tema 1: Soy yo side 15-28

Periode: september – oktober (4 veker)

Her lærer du:

- Å fortelje kvar du bur, og kvar du kjem frå
- Personlege pronomen
- Å bøye regelrette verb i presens(notid)
- Egedomsord(mi, mis, tu, tus) determinativ på norsk.
- Litt om Spania og spansk språk i verda.

Læringsmål:

- Du skal kunne fortelje kvar du bur, og kvar du kjem frå
- Du skal kunne bruke personlege pronomener
- Du skal kunne bøye regelrette verb i presens(notid)
- Du skal kunne litt om Spania og spansk språk i verda.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfagleg tema	Korleis skal vi lære dette	Undervegsvurdering
1, 2, 3 4 og 5 Sjå side 2.	Kommunikasjon, språklæring, møte med kultur.	Demokrati og medborgarskap (identitet, språk og kultur).	Rollespel: ¿De dónde eres? ¿Dónde vives? Skrive i <i>El libro YO</i> Gruppesamtalar og korte presentasjonar	Munnleg: Dialogar: ¿De dónde eres? ¿Dónde vives?... (munnleg lydopptak, video) - El libro YO: Soy yo. Skriv om ting du gjer og språka du snakkar. Bruke modelltekst s. 21.

			Kameratvurdering. Rettleiande lesing. Utvikle interkulturell kompetanse gjennom å samanlikne kulturar).	¡Ya sabes! + ¡Ya sé! (refleksjonssamtale rundt oppstarts- og oppsummeringssidene). Grppesamtale med korte presentasjonar: Hola, me llamo... Tengo... años, Vivo en... Kameratvurdering av dialogar. Læringsressurs: Gente 8. A-univers. ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis
--	--	--	--	--

Tema 2: Mi gente side 31-50

Periode: oktober-november(4 veker)

Her skal du lære:

- Å presentere familien din

- Å snakke om dei som er viktige i livet ditt
- Å skildre deg sjølv og andre
- Å seie når du og andre har bursdag
- Verba ser(å vere) og tener(å ha på norsk)
- Artiklar (un, una, el, la, las, los) og substantiv (familia, perro)
- Tala frå 16 til 100
- Litt om namn i spansktalande land

Læringsmål:

- Du skal kunne presentere familien din
- Du skal kunne snakke om dei som er viktige i livet ditt
- Du skal kunne skildre deg sjølv og andre
- Du skal kunne seie når du og andre har bursdag
- Du skal kunne bøye og bruke verba ser(å vere) og tener(å ha på norsk) i presens(notid)
- Du skal kunne litt om namn i spansktalande land

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfagleg tema	Korleis skal vi lære dette	Undervegsvurdering
1, 2, 3, 4, 5, og 6. Sjå side 2.	Kommunikasjon, møte med kultur.	Demokrati og medborgarskap (familie og fellesskap).	Rollespel: presentere familie. Skrive korte tekstar om familie og vener. Digitale oppgåver med Kahoot/Quizlet (ord og grammatikk). Lage sitt eget familietre. Rettleiande lesing. Utvikle interkulturell kompetanse gjennom å samanlikne kulturar.	Munnleg framføring i par eller for ei lita gruppe. Skriftleg oppgåve om eigen familie ved hjelp av modelltekst. Læringsressurs: Gente 8. A-univers. ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis

Tema 3: Mi colegio side 53-70

Periode: desember-januar(4 veker)

Her lærer du:

- Å fortelje om skulekvardagen din
- Å seie kva du meiner om dei ulike skulefaga
- Å spørje kvar ting er
- Å snakke om klokka
- Verb estar
- Litt om skule i spansktalande land

Læringsmål:

- Du skal kunne fortelje om skulekvardagen din
- Du skal kunne seie kva du meiner om dei ulike skulefaga
- Du skal kunne spørje kvar ting er
- Du skal kunne snakke om klokka
- Du skal kunne bøye verbet estar(å vere på norsk)
- Du skal kunne litt om skule i spansktalande land

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglig tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2, 3, 4 og 5. Sjå side 2	Kommunikasjon: Forstå og bruke spansk i munnlege og skriftlege situasjonar Språklæring: Bruke strategiar og erfaringar frå tidlegare språklæring. Møte med framandspråklege tekstar og kulturar: Utforske skulekultur i spansktalande land og samanlikne med norsk.	Demokrati og medborgarskap: å reflektere over likskapar og forskjellar mellom norsk og spansk skulekultur, og korleis skulen formar identitet og deltaking i samfunnet. Folkehelse og livsmeistring: å samtale om kvardagen på skulen og meistring av fag og aktivitetar.	Rollespel: ¿Qué asignaturas tienes hoy? (Kva fag har du i dag?) Kahoot/Quizlet på klokka og skuleord. Lydopptak: Elevane lagar korte presentasjonar om sin eigen skuledag. Venn-diagram: Samanlikne norsk og spansk skulekultur i grupper Digitale tankekart (t.d. Padlet) over ord knytt til skule. Kahoot. Rollespel.	Munnleg: Munnleg mini-presentasjon om favorittfag og skuledag. Skriftleg oppgåve: Kort tekst om eigen skuledag. Observasjon i munnlege aktivitetar Eigenvurdering: Kva kan eg no om skule på spansk? Læringsressurs: <i>Gente 8</i> A-univers (nettressursar) ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis

Tema 4: Mi actividad favorita side 73-86

Periode: januar-februar(6 veker)

Her lærer du:

- Å snakke om kva du likar
- Å snakke om kva du driv med i fritida di
- Å intervju andre
- Verbet gustar
- Verbet ir
- Meir om adjektiv
- Litt om spansktalande ungdommar og fritid

Læringsmål:

- Du skal kunne snakke om kva du likar
- Du skal kunne snakke om kva du driv med i fritida di
- Du skal kunne intervju andre
- Du skal kunne bøye og bruke verbet gustar i enkle setningar
- Du skal kunne seie litt om spansktalande ungdommar og fritid

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglig tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2, 3, 4 og 5. Sjå side 2.	Kommunikasjon, møte med kultur.	Folkehelse og livsmeistring (fritid og interesser).	Intervju og presentasjonar. Digitale oppgåver med lyd og video. Samtalar om likskapar/ulikskapar i fritid. Rettleiande lesing.	Munnleg presentasjon om eigen fritid. PPT eller Canva. Eigenvurdering. Læringsressurs: Gente 8. A-univers. ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis

Tema 5: Compras y comidas side 89- 108

Periode: februar-mars(4 veker)

Her lærer du:

- Å seie kva du vil kjøpe
- Å seie kva du vil ha eller ikkje vil ha
- Å spørje om kva noko kostar
- Å snakke om mat og klede
- Fargar
- Verb med omlyd(querer og costar)

- Litt om mattradisjonar i Spania, Latin-Amerika og Noreg.

Læringsmål:

- Du skal kunne seie kva du vil kjøpe
- Du skal kunne seie kva du vil ha eller ikkje vil ha
- Du skal kunne spørje om kva noko kostar
- Du skal kunne snakke om mat og klede
- Du skal kunne seie tala frå 1-100.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfagleg tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2, 3, 4 og 5 Sjå side 2	Kommunikasjon, møte med kultur Interkulturell kompetanse.	Berekraftig utvikling (mat og forbruk).	Rollespel “butikken” Lage kollasj av spanske matvarer som selges i Norge. Små prosjekt om mattradisjonar	Munnleg rollespel Rettleiande lesing Skriftleg oppgåve: Handleliste og dialog

			Digitale oppgåver om ord og uttrykk. Rettleiande lesing.	Læringsressurs: Gente 8. A-univers. ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis
--	--	--	---	--

Tema 6: Vamos a Españas side 111-122

Periode: mars- april(3 veker)

Her lærer du:

- Å snakke om Spania
- Å fortelje litt om Norge

Repetisjon av spørjeord

Repetisjon av verba ser, estar og tener.

Litt om Spania som ferieland

Læringsmål:

Du skal kunne snakke om Spania ut i frå modelltekst

Du skal kunne fortelje litt om Norge ut i frå modelltekst.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglig tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1,2, 3 og 6. Sjå side 2.	Kommunikasjon, møte med kultur.	Demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling (reise, mat, kultur og miljø).	Rettleiande lesing og skrivning. Munnlege presentasjonar om Spania og Noreg	Munnleg presentasjon Kort samanlikningstekst om Spania og Noreg.

		Interkulturell kompetanse.	Digitale oppgaver med kart og bilete Prosjektarbeid i grupper Interkulturell kompetanse.	Læringsressurs: Gente 8. A-univers. Nettressursar: ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis Aprender español: aprender español - Google-søk
--	--	----------------------------	--	---

Avslutning:

Tema: Festar og tradisjonar- El carnaval.

Periode: mai-juni (4 veker)**Her lærer du:**

- Å repetere ord og uttrykk frå tidlegare tema
- Å snakke om festar og tradisjonar i spansktalande land(særleg karneval)
- Å samanlikne med norske tradisjonar
- Å planleggje og gjennomføre eit lite karneval for skulen

Læringsmål:

- Du skal kunne presentere ein tradisjon frå spansktalande område
- Du skal kunne samtale om likskapar og forskjellar mellom kulturar
- Du skal kunne bruke språket aktivt i ein praktisk situasjon (førebu karneval)

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglig tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
---------------	---------------	------------------	-----------------------------	--------------------

1,2, 3 , 6, 8 og 9. Sjå side 2.	Kommunikasjon, møte med kultur. Språklæring	Demokrati og medborgarskap (samarbeid, planlegging, deltaking i fellesskap) Folkehelse og livsmeistring (sjølvtilitt, kreativitet, meistring gjennom praktisk arbeid)	Lese og sjå filmar/klipp om karneval i Spania og Latin-Amerika. Lage plakatar, masker og presentasjonar på spansk Samarbeid i grupper om å planleggje og gjennomføre skulekarneval (musikk, kostyme, enkel presentasjon på spansk) Bruke digitale verktøy (Canva) til å lage invitasjonar eller plakatar. Utvikle interkulturell kompetanse gjennom å samanlikne kulturar.	Vurdering på deltaking i planlegging og gjennomføring. Presentere kostymet sitt for ei lita gruppe på enkel spansk: Soy un pirata. Soy un bombero... Kle seg ut og deltek i karnevalet. Eigenvurdering etter gjennomført karneval: Kva lærte eg om språk og kultur? Læringsressurs: Gente 8. A-univers. Nettressursar: ProfedeELE VideoELE: VideoEle. Curso de español para extranjeros gratis Aprender español: aprender español - Google-søk
--	--	---	--	---